



Vil sette Førde på klimakartet

FJORDVARME: - Dette er Førdes største tiltak mot CO₂-utslepp nokon gong, seier dagleg leiar Leif Olstad i Førdefjorden Energi AS. Han trur den høgteknologiske energisentralen dei no bygger, vi vil vekke merksemd utover Førde.

SIDE 2-3

• PENGESLØSINGA



Rasar mot pengebruken

Fleire i Sogn og Fjordane rasar over mengda alkohol idrettsforbundet har betalt for.

SIDE 10-11

• NY TOPPTUR-BOK



Over 500 på topptur-slepp

Magnus Tørring-Jørgensen og mange fleire ville sikre seg eit eksemplar av ny topptur-bok.

SIDE 6-7

• BUSTAD OG NÆRING



Slik blir tannlegebygget

Ein tiårsavtale med fylkestannlegen er signert. No ventar berre godkjenning av planane.

SIDE 12-13



59⁹⁰

FERSK FÅRIKÅL LAM
Partikjøp. Glide 2,5 kg pakning. Pt kg

coop
prix

coop
marked

coop
mega

EXTRA

coop
Vest

14⁹⁰

EIT UTVAL BRØD

Coop Knerten Ekspedisjonsbrød,
Coop Superbrød og Coop Dyreparkenbrød.

NYHEITER

ADRESSER PÅ NETT:

Send inn video:
firda.no/lesarvideo

Facebook:
facebook.com/
firdamedia

Twitter:
@firdamedia

Instagram:
@firdamedia

TIPS OSS!

57 83 33 33

Har du tips eller idear om lokale nyheittsaker vi bør ta tak i? Kontakt oss på telefon, e-post, Facebook, Twitter eller Instagram. Du kan også tipse oss med video. Ferskaste nytt finn du på firda.no. E-post: redaksjon@firda.no. SMS/MMS: [fitips til 2005](tel:57833333)

■ Bygg i Førde brenner 1,8 millionar liter olje kvart år ■ Fjordvarmeanlegget.

Førdes største klimatil

FØRDE: - Dette vil gjere Førde til ein endå meir attraktiv by, seier Leif Olstad.

SIGURD LØSETH
sigurd.loseth@firda.no

Den nye daglege leiaren i Førdefjorden-Energi viser Firda rundt i energisentralen som skal forsyne Førde med fjordvarme - eit høgteknologisk virvar av røyr, kablar, kondensatorar, pumper og varmevekslarar over tre etasjar i det 700 kvadratmeter store bygget ved utløpet av Jølstra.

Mens debatten har rasa om løyve, ikkje løyve, muring, graving og kryssing over og under Jølstra og Løken, har hjartet i fjordvarmeanlegget begynt å finne forma. Rett nok halvanna månad forseinka og framleis ein byggeplass, men eit høgteknologisk anlegg som dagleg leiar er sikker på vil lokke andre utbyggjarar hit for å sjå korleis vi har gjort det i Førde.

Klar om få veker

Energisentralen skal vere klar i løpet av nokre veker. Så vil det blei ein innkøyringsperiode av utstyr som skal vere automatisert. Og det er i grunnen det aller meste. Røyr gata skal vere ferdig rett før jul, så skal den fyllast på med oksygenfritt ferskvatn som skal forsyne 12 bygg i Førde med varme eller kjøling, og venteleg endå fleire etter kvart.

Hovudfilosofien er at varmpumper på 600 megawatt skal hente energi ut av sjøvatn. 700 meter leidning er lagt ut i Førdefjorden på 40 meters djup der sjøtemperaturen ligg mellom fem og 15 plussgrader. I tillegg er det installert ein el-kjele og bioolje-kjellar for å ta toppar og backup. Ut på nettet skal vatnet halde mellom 75 grader og 85 grader og 55 grader ved retur.

Spenninga består i om alt det tekniske fungerer slik vi håpar. Ved varmpumper er det snakk om å tilføre ein kilowatt og få tilbake tre. Det er alltid spennande å sjå om teori og praksis stemmer, men det er gjort alt ein kan for å sikre verk-



TESTING: Her kjem fjordvarmen inn i energisentralen. Ole Henrik Nilsen i BT Rør (t.h.) gjer klar for testing, mens dagleg leiar i Førdefjorden Energi, Leif Olstad, tek eit overblikk. **FOTO: SIGURD LØSETH**

I 2007 sleppte Førde åleine ut 56.000 tonn CO2 årlig. Forbrenninga i oljekjellar stod for 6.000 tonn. Dette blir redusert med 80 prosent med del kutta våre kundar gjer

LEIF OLSTAD
dagleg leiar i Førdefjorden Energi

nadsgraden til anlegget, seier Olstad.

Kraftige klimakutt

Røyrettet er fylt opp og trykktesta fram til Firda Billag, AK Maskin, Energihuset (Sunn-

fjord Energi/Enivest) og Øyrane vidaregåande skule. El-kjelen har levert varme til Energihuset i ein periode under testing.

- Ting fungerer, og vi er ivrige etter å komme i gang, seier Olstad som står i spissen for det største enkelttiltaket på klima i Førde nokon gong.

Potensiell årlig burning av 1,8 millionar liter olje som svarar til ca. 5200 tonn CO2-utslipp, vil ta slutt med dei oljekjellane som blir fjerna hos dei 12 kundane Førdefjorden Energi så langt har skaffa seg.

- I 2007 sleppte Førde åleine ut 56.000 tonn CO2 årlig. Forbrenninga i oljekjellar stod for

6.000 tonn. Dette blir redusert med 80 prosent med dei kutta våre kundar gjer. Det blir 10 prosent av dei totale CO2-utslappa i Førde, seier ein litt stolt dagleg leiar.

Kapasitet på 30 GWh

Dei største kundane er sjukehuset og Førde kommune med sjukeheimen, barneskulen, ungdomsskulen, Førdehuset og barnehagen på Toene. Også Nærleiken, FIL-huset og Kastanjetunet står på kundelista. Mange av kundane har kasta ut oljekjellane allereie, og selskapet leverer oppvarming ved hjelp av el-kjellar og mindre ol-

jekjellar i ein mellomfase.

Førdefjorden energi har avtalar på levering av 19 GWh, men kan levere opp imot 30, tilsvarende forbruket til ca. 950 husstandar.

- Vi har framleis mykje å gå på, og tenker langsiktig. Røyra kan ligge i bakken i 100 år, og vi bygger slik at vi ikkje skal få problem med kapasiteten og leveringstryggleiken. Av alle kritiske element har vi to eller tre einingar, om lag som i flyfarten, fortel den tidlegare flyingeniøren.

Til dømes har dei to sjøvasspumper, sjølv om éi er nok. Eit overvakingssystem er på plass

KJØPER IDRETTSSENTER

Trur på storhall

FLORA: Tysdag sa Fylkesutvalet ja og inngjekk dermed intensjonsavtale om å kjøpe Flora Idrettssenter. Senteret, som i dag i all hovudsak er eigd av Florø Sportsklubb, Florø Turn & Idrettsforening og FK Tempo vil dermed få nytt, offentleg eigarskap med det første. Det er ei gladsak for Flora, seier rådmann Terje Heggheim til Firdaposten.

- Dette riggar oss betre for jobben med å få på plass ein ny fullskala storhall i kommunen.



HAMNA I SJØEN MED TRUCK

Mann i 80-åra omkom

HYLLESTAD: Ein mann omkom torsdag etter ei truck-ulykke. Klokka 13.50 stadfeste politiet at ein mann i 80-åra er omkommen etter å ha hamna i sjøen med ein truck ved Sognnes i Hyllestad.

- Det er antakeleg snakk om ei ulykke, politiet vil undersøke årsaka nærmare, seier Kai Henning Myklebust, operasjonsleiar hos politiet. Klokka 12.18 fekk dei melding om at ein person hadde hamna i sjøen ved ei brygge. Klokka 13.20 var personen henta opp av sjøen, og det blei gjort

forsøk på gjenoppliving.

- Folk i nærleiken fekk mistanke om at han hadde hamna på sjøen etter å ha sett gjenstandar i vatnet. Folk på staden fann han under vatn, og fekk han opp på land, seier Myklebust til NRK. Politiet veit førebels ikkje veit kva som har skjedd. Alle naudetatarykte ut til staden. Redningshelikopter med dykkarar blei kalla tilbake, då dei rakk ikkje fram til plassen før personen vart henta opp av vatnet. Dei pårørande er varsla, melder politiet.

I redusere CO2-utsleppa med 80 prosent

ak nokosinne



VARMEPUMPER: Her blir energien i fjordvarmen henta ut.



MYKJE UTSTYR: Ein del kablar å halde styr på. Alt blir overvaka elektronisk. Oppstår det feil, vil alarmen gå med ein gong. Anlegget er bygt for å unngå ei kvar form for stans i leveringa.

både i sentralen og ute hjå kundane, og heile røyrrettet er utstyrt med alarmtrådar. Blir det ein lekkasje, så veit ein akkurat kvar. Det er også laga plass for å bygge ut meir effekt i framtida, fortel Olstad.

Kalkyltane held

- Her er valt mykje bra løysingar. Leverandørar som er innom for å sjå, påstår anlegget er det finaste dei har sett når det gjeld løysingar og gjennomføring, legg han til.

Så langt ser kostnadsoverslaget på 145 millionar kroner ut til å halde. Kilowattprisen vil sluttlegjeldast i januar.

- Startfasen blir som alltid fordrande økonomisk, men eigarane tenker langsiktig, og anlegget vil etter kvart gå i pluss. Så blir det jobben min å drifte anlegget best mogleg og skaffe fleire kundar. Vi har lagt til rette for fleire avstikkarar, og håpar vi kan legge røyr i gang- og sykkelvegen mot Kronborgvegen og få med oss Brulandsvellingene, seier sognråden som no kallar seg furdianar, bur her med familien, og er opptatt av at Førde skal vere eit god plass.

- Fjordvarmeanlegget er eit veldig bra tiltak som vil tilføre Førde attraktivitet og spennande arbeidsplassar, meiner Ol-

stad og seier dette om støyen rundt bygginga:

- Ein må rekne med støy når ein legg røyr gjennom eit sentrumsområde. Det blir mange meiningar, og det skal ein ha respekt for. Det meste løyser seg med god dialog, og resultatet vil bli veldig bra til slutt.

- Men skal vi kalle det fjordvarme- eller fjordvarmeanlegg?

- Fjordvarme. Vi hentar energien nært og leverer den nært, seier Leif Olstad.



FEIL PÅ FEIL: - Vi kunne ha gitt bøter til minst 30 førarar, seier Joachim Malterud. **BEGGE FOTO: STIG ROGER EIDE**

- Eit paradoks at friluftsfolk parkerer slik

FØRDE: Politiet fann så mange feilparkeringar at dei måtte konsentrere seg om del verste.

KJELL OVE NORDEIDE
kjell.ove.nordeide@firda.no

I ni-tida onsdag kveld melder politiet på twitter om mykje ulovleg parkering langs Angedalsvegen i Førde i samband med eit arrangement i Førdehuset.

Politiet skreiv ut fem gebyr, ifølgje twittermeldinga.

Lansering av turbok

- Det er jo eit paradoks at friluftsfolk parkerer slik, seier Joachim Malterud ved Førde og Naustdal lensmannskontor til Firda.

I Førdehuset denne kvelden

er det nemleg stor publikumstilstrøyming til lanseringa av boka «Toppturar i Sunnfjord». Det vil ikkje overraske politimannen at det er mange friluftssinteresserte blant dei som har tatt turen til Førdehuset.

- Burde ha fysikk nok

- Dei burde ha god nok fysikk til å gå opp frå Utstillingsplassen. Vi kunne ha gitt bøter til minst 30 førarar, seier Malterud, som opplyser at dei har prioritert å gje bøter for dei mest alvorlege overtrampa.

- Det gjeld dei som parkerer på fortau og som dermed skaper problem for både gåande og syklistar. Det er utruleg mange som har parkert feil i kveld, konstaterer Malterud.



DYR LAPP: Førdehøstar fekk gebyr ifølgje politiet.